

4. mai


nr. 1

1986



INNHOLD:

LEIAR :	side	3
TIL OBL. MØTE OG PKT.!	"	5
INNLEIING INTERESSEKAMP!	"	11
DEBATT!	"	18
VERVING	"	18
STRATEGISK PLAN	"	19
KVINNE ORGANISERING	"	28



LEIAR:

Sentralstyret har vedtatt at NKS skal hiva kreftene inn i DUKs renteaksjon. Kvifor?

La oss fyrst sjå på den politiske stoda rundt dette initiativet:

1) Ein vesenleg bakgrunn for aksjonen er at NSU-leinga treng legitimitet. Dei økonomiske tilhøva for studentane har blitt gradvès verre utan at studentane har ytt motstand, serleg gjeld dette dei 2 siste åra. I 1984 fekk NSU-leinga endeleg fullt gjennomslag for å stilla opp inntektsavhengig tilbakebetaling som studentanes hovudparole. Nøyaktig slik NKS sa hjalp dette staten til å intensivera spekkhoggeriet mot stipenda mens NSU venta på at Gro skulle vinna valet og innføra inntektsavhengig tilbakebetaling. Resultatet kjenner me: stipendet er nede i 13%.

I denne stoda treng NSU-leinga ein aksjon. For det eine må dei syna overfor ein arrogant Høgreminister og den ennå meir arrogante ~~sekretæren~~ hans at dei "har studentane i ryggen". For det andre må dei syna studentane at dei gjer noko. Det er ingenting som tyder på at NSU/DUK satsar på aksjonar som skal tvinga krava gjennom, dei ønsker seg ei "markering" og ferdig med det.

2) Det politiske grunnlaget for aksjonen er krav om renta ned til 6% (etter det me veit). NSU/DUK ville truleg ønska seg inntektsavhengig tilbakebetaling (IATB) som hovudkrav, men droppa det for å unngå bråk, serleg frå våre folk i LNS som har jobba dyktig mot IATB.

3) Den politisk dominerande tendensen i NSU/DUK er ein laus allianse av SosFront og (ennå meir) ulne venstregrupper som Radikal FellesFront i Bergen (der NKS og jobbar) og Venstrevind i Trondheim (som nyleg er splitta frå SosFront). I tillegg spiller AUF ei viss rolle blant ingeniørstudentane. Alle desse gruppene slit med store problem og dei manglar landsomfemmande organisasjon. Det tradisjonelle kraftsenteret - SosFront i Oslo - bruker alle kreftene sine i Samskipnadsarbeid, noko som har gjort det råd for NKS å dominera NSUmøtet i Oslo i haust. Dei konservative styrker seg, men er politisk isolerte og kontrollerer berre DHL og NGS av organisasjonane innafor DUK.

KVIFOR ER AKSJONEN VIKTIG OG KVA KAN ME OPPNÅ?

1) Studentane er i dag eit av dei aller veikaste ledda i motstanden mot den statlege nedskjeringspolitikken. Det ver idag ca. 90000 studentar innafor høgare utdanning. Å få desse ut i kamp for levekåra sine har stor betydning både på kort og lang sikt.


Om studentane kjem i rørsle vil det styrka fronten mot borgarskapet kraftig. Ikkje minst vil det gi ein stor og viktig del av ungdommen erfaringar i kamp.

Sjòlsagt er ikkje dette målet med DUKaksjonen frå dei som har planlagt han. MEN: Av eigne taktiske grunnar har NSU/DUK spilt ut eit initiativ om aksjon for rettferdige krav. VÅRT ANSVAR ER Å GRIPA DETTE INITIATIVET OG TYNA UT AV DET SÅ MYKJE SOM RÅD ER AV REELL KAMP MOT STATEN: ME må reisa saka på allmøter og elles mobilisera breitt på skulane og faga. Me må sørga for at det blir laga lokale aksjonskomitear. Me skal slåst for å utvida krava til og å gjelda stipendiet og kostnadsnormen. Og me skal gjera aksjonane så omfattande som råd utfrå oppslutninga.

2) I dette arbeidet må me vera både dristige og fleksible. Dristige, fordi me har ei line som samsvarer med studentane sine verkelege interesser, og fordi våre "taktiske motstandarar" er dårleg organiserte. Fleksible fordi me ikkje skal isolera oss på fillespørsmål, men tvert om ønsker å stå saman med mange som elles sympatiserer med SosFront o.l.

3) Hovudoppgåva er framleis å styrka NKS. Gjennom dyktig jobbing i aksjonen der me legg fram NKS sitt syn på studentkampen og elles nyttar høve til politisk diskusjon med mange nye folk, kan me auka omlandet vårt og etterkvart leggja grunnlaget for verving. Men me vil og bygga NKS gjennom at organisasjonen vår aukar prestisjen sin blant studentane.

BØNNI



↑ FORTS.

TIL OBLIGATORISK LAGSMØTE OG PUNKTER:

JFR. PLANEN:

REVOLUSJONÆRE KONTRA REFORMISTISKE LINJER I STUDENTKAMPEN.

Det vil komme en kronikk i Klassekampen som tar opp dette temaet. Spørsmål til diskusjon vil komme senere.

HVEM BØR DRA PÅ FORBUNDSSKOLEN

Det skal avholdes forbundsskole i april. Alle medlemmer i NKS kan delta på forbundsskole, men selvfølgelig ikke alle på engang. Av de medlemmene som vil dra på forbundsskole i laget setter laget opp en prioriteringsliste utifra hva som tjener laget best. Selv om et medlem har kort tid igjen i NKS kan det godt bli med på forbundsskole, da denne vil få nytte av denne kunnskapen senere (og partiet vil få nytte av denne kunnskapen.)

Det bør tas en spørreunde i laget på hvem som har vært med på FS. før, evt. hvordan det fungerte, om det var lærerikt samt andre positive ting med FS. De som ikke har vært på FS og heller ikke har lyst bør begrunne dette. Laget har et ansvar for at medlemmene mobiliseres til å gå på forbundsskole. Fordelingsnøkkelen . . . på hvor mange hvert lag får melde på kommer senere.

OM KLASSEKAMPEN. DEN REDAKSJONELLE LINJA, INNHOLD I AVISA OG KONFLIKTEN I AVISA.

Det vil senere bli sendt ut materiale om Klassekampen—året og om konflikten i Klassekampen fra partiet. Spørsmål og opplegg for diskusjonen vil bli presentert ved særskilt ark senere.

-LAGSMØTER OG STUDIEPKT.-


STUDIENE OM DEMOKRATISK SENTRALISME.

Den demokratiske sentralismen er det viktigste elementet i den kommunistiske partimodellen. De arbeids- og beslutningsmetoder som er oppstilt her, er det avgjørende skille i organisasjonsstrukturen mellom et kommunistisk parti, og alle andre typer av organisasjoner, det seg være progressive masseorganisasjoner, eller borgerlige og reaksjonære organisasjoner.

I hele arbeiderbevegelsens historie har det stått strid om organisasjonsmodellen. - Det er særlig den demokratiske sentralismen som har blitt utsatt for sterke angrep fra reformister og andre borgerlige elementer, og det er den som ofte har blitt brukt som innvending mot partier av ml-type, fra ulike opportunister.

Mens derimot spørsmålet om demokratiet er et mål i seg sjøl, eller bare en kollektiv prosess sammen med sentralismen for å nå arbeiderklassens strategiske mål, og sjølve klasseinnholdet i organisasjonsmodellen; - det evner ikke slike opportuniste å se.

De krava som en slik kamp-organisering stiller til disiplin og aktivitet, er en hyppig brukt innsigelse ved diskusjoner om organisering. - Dette møter også vi i NKS i dag, både i vår politiske og teoretiske kamp, og ved gjennomføringa av vår politiske hovedoppgave i perioden, - verving til organisasjonen. Derfor er den demokratiske sentralismen et spørsmål av avgjørende betydning for oss, både for at NKS skal bestå som kommunistisk organisasjon, - og for å oppnå større resultater i vervearbeidet.



↑ FORTS.

- LAGSMØTER OG STUDIEPKT. -

Spørsmål : Hvilke erfaringer har vi med den demokratiske sentralismen,
(historisk og i NKS i dag)
Finnes det andre måter som vi kunne organisere oss på, - og
samtidig ivareta våre strategiske mål ?

Litteratur: NKS og AKP(ml) sine vedtekter.

Mao: Side 110 til 112 i "Skrifter i utvalg" (Avsnitta om
partidemokrati og partidisiplin.)

Hefte fra AKP sitt studieutvalg: "Partimodell og demokratisk
sentralisme."

Teoretisk bakgrunnsmateriale:

Stalin : Side 67 - 77 i "Spørsmål i leninismen."

Lenin : Side 124 - 167 i bind 2 ("Hva må gjøres?")

Lenin : Side 55 - 99 i bind 3 ("Et skritt fram og to tilbake")

VERVING!

Kamerater!

Et nytt semester står nå foran oss. - Hvis vi i NKS skal holde
stillingen politisk og organisatorisk (og helst ha framgang) så må
kreftene fra første stund kastes inn i arbeidet med hovedoppgava til
Forbundet; - verving og organisasjonsbygging. Vervinga til organisasjonen
må ha absolutt førsteprioritet, og gjennomsyre absolutt alt annet
arbeid vi driver med, ellers så vil den medlemsmessige situasjonen
om ganske kort tid se svært dystert ut. I tillegg til den årlige
"avgangen" fra NKS på ca. en tredjedel (på grunn av at folk avslutter

- LAGSMØTER OG STUDIEPKT. -

studiene) så har vi i dag også svært mange studenter på hovedfagsnivå, med hva det ofte kan medføre av nedgatt arbeidskapasitet når det gjelder politikk.

Manglende verving vil bety at de store politiske oppgavene vi i NKS har satt oss, vil bli ytterligere vanskeliggjort. - Dette gjelder ikke bare den store betydninga som Forbundet vil spille i studentkampen, men også i ytterligere strategisk sammenheng når det gjelder den rolla vi må ha i å skape langt flere kommunistiske intellektuelle, og bli et bedre redskap for den sosialistiske revolusjonen.

Hvis vi skal oppnå resultater som er verdt å snakke om i vervearbeidet vårt, må dette arbeidet drives systematisk og planmessig. Noen metoder vil være almenngyldige, og bør følges i dette arbeidet :

- Alle lag og DS'er må ha egne vervemålsettinger som bør diskuteres med representanter fra Sentralen.
- Vervinga er ei oppgave for hele laget, men alle lag må ha en sterk kamerat avsatt til verveansvarlig, for å drive arbeidet framover.
- Potensielle "verveobjekter" må følges opp grundig, det må fordeles ansvar for å diskutere med dem, og trekke dem nærmere Forbundet politisk og sosialt.
- Alle lag skal ved semesterstart, enten alene eller sammen med andre lag, gå ut med tilbud om medlemskap og studiesirkel. Det er viktig at sirkeldeltakerne blir dratt med på annet type politisk arbeid ved siden av,



- LAGSMØTE R OG STUDIE PKT. -

for at de skal komme ut i kamp, og for at de skal se hva kommunistene arbeider med ellers.

- Vervearbeidet må følges nøye opp gjennom hele semesteret, ved diskusjoner og oppsummeringer på hvert DS - og lags-møte.

Vi har et stort vervepotensiale; - vær med å markér NKS som det eneste revolusjonære alternativet ved universiteter og høyskoler; -vær dristig i vervearbeidet !!!

Organisasjonsansvarlig i NKS/AU

Richard S.

SOMMERLEIR

SOMMARENS VAKRASTE EVENTYR

NKS'sommarleir har i år arbeidstittel:

DET GÅR TIL HELVETE - SOSIALISMEN: UTVEG ELLER BLINDVEG?

- Stadig fleire begynner å sjå at ei framtid under kapitalismen ikkje har anna enn faenskap å by på. Jfr. t.d. dei positive reaksjonane på siste delen av boka til Steigan(kva som står der? les sjøl!). Ute i verda har faenskapen alt vart lenge ,sjøl i "land det er naturleg å sammenligne seg med". Problemet for folk som ser dette og/eller føler det på kroppen er: finst det noko anna å slåst for. I Europa trur dei færreste det i dag og derfor blir nederlag det einaste perspektivet på kampen.

- LAGSMØTER OG STUDIEPKT. -

- Sosialismen er vårt alternativ. Men når folk ikkje trur på den (SJØL om dei kanskje drøyer om han) er det ikkje minst fordi dei meiner å ha sett at i dei sosialistiske landa er ein arbeidar minst like undertrykt som i Norge i dag. Det er ikkje berre for oss å seia at "slik vil det ikkje bli her". Sosialismen finst (eller har funnest?) og som materialistar må me studera fakta.

- Sovjet, Tyskland, Polen, Mongolia?, Ungarn, Tsjekkoslovakia, Romania, Bulgaria, Albania, Jugoslavia, Vietnam, Korea, Kina, ^{Kampuchea} til saman er dette rike erfaringar med sosialisme eller forsøk på det. Slik eg ser det er det all grunn til å slå fast at sosialismen er ein overveldande suksess, sett ut frå dei faktiske føresetnadene i dei fleste av desse landa. Samstundes finst svære alvorlege feil som me må ta avstand frå. Uansett kva me kjem fram til må det baserast på kunnskap.


- For det andre må me svara på korleis sosialismen konkret skal løysa problema i Norge. Sysseletjing, forureining, demokrati, norsk imperialistisk undertrykking. Dette blir den vanskelegaste, men viktigste delen av diskusjonen på leir.

- LEIREN KJEM OG TIL Å TA OPP ANDRE TEMA: OPPLEGGET SKAL BLI LITT MINDRE HESEBLESANDE ENN DEI SISTE ÅRA OG DET BLIR MINST LIKE GØY: BADING (NYTT LEIRSTED), VOLLEYBALL, POKER, LEIRAVETS; DANS osv.

- LEIREN ER EIN KRAFTIG INSPIRASJON FOR DEG OG FOR NKS: FOLK FRÅ HEILE LANDET SAMLA. SENTRALSTYRET HAR VEDTATT MÅLSETTING PÅ 80% DOBLING FRÅ I FJOR:

START MOBILISERINGA AV DEG SJØL OG ANDRE NÅ!!

BØNNI



SLUTT.

INNLEIING OM INTERESSEKAMP

Interreskamp

av N:N: fra Trondheim

Dette innlegget tar for seg: 1) Utviklinga av studentøkonomien
2) Den politiske kampen mellom staten og studentane (Dei siste 2-3 åra)
3) Lærdomar av denne kampen
4) Våre oppgåve framover i IK

1) For å oppfylle Kapitalen sitt auka behov for høgt utdanna arbeidskraft, var det nødvendig med statlege tiltak for å få nye grupper inn i utdanningssystemet. Dette førte til opprettelsen av Statens lånekasse for Utdanning i 1947, som fekk ansvaret for studiefinansieringa.

Det er altså kapitalen sjølv som har gjort utdanninga til eit statleg ansvar. Å hevda at utdanninga er eit ansvar for den enkelte er kun uttrykk for småborgarleg dagdrøyming.

Faktorar som avgjer korleis studentane sin økonomiske situasjon har utvikla seg over tid, er:

- 1) reell stønadsstorleik dvs. kjøpekrafta
- 2) stipendandelen
- 3) lånerehta opp mot inflasjonen
- 4) tilbakebetalingstida

La oss først sjå på punkt ein Kjøpekraftutviklinga:

Ho var ifølge St.mld. 66 omlag den same i 1984 som i 1973. Men frå 1973 til 79 var det ei betring av kjøpekrafta, etterfølgd av forverring frå 1979 - 84.

2) Stpendandelen:

Her er det en klar forverring: I følgje Studentforum har stipendandelen av stønaden gått ned frå 27 prosent til 19 prosent frå 1973 - 1983

3) Lånerenta opp mot inflasjonen.

Her og er det klar forverring. I 1974 var :

renta 4.75 prosent i 1985 11,5 prosent

inflasjonen 8 prosent i 1985 ca. 6 prosent (Det første tallet fra 1974)

I 1974 var altså realrenta - 3,25 prosent (lånet "billigare")

I 1985 - - - + 5,5 prosent

Studentforum har rekna ut at eit studielån no er ca. 60 prosent DYRARE å betale tilbake enn i 1973.

4) Tilbakebetalingstida

Kort tilbakebetalingstid vil gje mindre renteutgifter, og dermed en mindre sum å betale tilbake. Difor vil studentar generelt ha

- INNLEING INTERESSEKAMP -

fordel av å nedbetala lånet raskast mogeleg. Men mange vil vera tvinga til å spre ein større sum over ein lengre periode framfor å betala ein mindre sum i eitt jafs. Difor er det viktig at den maksimale tilbakebetalingstida er lengst mogeleg.

Konklusjon:

Konklusjonen på dette er at studentane sin økonomiske situasjon er vorte klart forverra på alle område sidan 1979.

Det som gjeld fra 1973 til idag, med unnatak av kjøpekrafta. Ho har vore omlag uendra frå 1973 til idag. Ho betra seg frå 1973 til 79 men har forverra seg omtrent tilsvarende sidan. (To forbehold:

1) Truleg verre for "dei behovsprøvde". 2) Det er ikkje uvesentleg kva kjøpekrafta gjeld. F.eks. kjøp av helsetjenester)

X Ut frå dette er det ikkje merkeleg at STADIG fleire studentar arbeider deltid. I.flg. Studentforum hadde ca. 48 prosent deltidsarbeid i 1978 mot ca. 60 prosent i 1983.

Statistisk sentralbyrå har funne ut at studentar brukar minst 10.000 kronar meir i året enn dei kan få av lånekassa.

Søknadar om utsetting av tilbakebetaling av studielån auka frå ca. 9000 i 1982 til rundt 17.000 i 1983.

Men for andre går alt meget bedre. Lånekassa har auka sin sjølffinansiering frå 20 prosent i 1981 til 60 prosent i 1985. Om ~~100~~ 100 prosent vert nådd vil det seie at stønadene lånekassa gjev til studenar vert dekkja av rentar og avdrag frå tidlegare studentar. Studiefinansiering er snart god butikk.

2) DEN POLITISKE KAMPEN

I 1968 blei bortebruarstipendiet innført. Dermed gav staten ikkje lenger berre lån, men og stipend.

I 1972 blei behovsprøving mot foreldreinntekt fjerna for studentar over 20 år. Samtidig blei grunnstipend innført for desse.

I 1975 blei stønaden indeksregulert mot inntekta til industriarbeidarar.

I 1983 forsvant så grunnstipendiet igjen. Same året la kultur og Vitenskapsdepartementet (KVD) fram St.mld. 12 om utdanningsfinansiering. Hovudtrekka her var ikkje særleg lystege:

- prinsippet om indeksregulering av stønad mot industri-arbeidarar inntekt vert angripe.

Grunngjeving: "Det kan utfra finanspolitiske styringshensyn vere uheldig å binde seg til automatisk virkende endringer av denne type.....- dette gjeldar særleg i perioder med sterk økning i antall elever og studenter, da stnad til nye utdanningsøskende må prioriteres framfor realøkning for den enkelte."

For å unngå unødig byråkrati blei denne "prioriteringa" lagt inn

- INNLEIING INTERESSEKAMP -



statsbudsjettet for 1983. Fengesekken er viktigare enn dogmen om stortinget som "lovgjevande forsamling".

- stønadsmodellen skulle omleggjast til en presentstipendmodell.
- tilbakebetalingstida reduserast frå 20 til 15 år på gj.snitts lån
- rehtesrente innførast i tilbakebetalingstida for lån tatt opp etter 1. juli 1985.
- alders skillet på behovsprøving mot foreldreinntekt skulle fortsatt vera 20 år "av økonomiske grunnar" sjølv om det "prinsipielt" burde vera 19 år..
- studentorganisasjonane hadde venta forslag om sosiale tryggleiks ordningar, som ettergjeving av studielån ved sjukdom/svangerskap det kom ikkje.....

Stortingsmeldinga blei møtt med en motmelding frå DUK, som representerar ca. 250.000 elevar og studentar.

Motmeldinga vart heilt eller delvis støtta av Kirke Og Undervisnings Komiteen (KUK) i Stortinget.

KUK sin innstilling:

- einstemmig inn for behovsgrensa skulle ned til 19 år. og seinare 18
- inn for reformtiltak ved sjukdom
- inn for reisestipend
- inn for reisestipend
- inn for gjeldsavskriving ved svangerskap
- Ap og Sp inn for inntektsavhengig tilbakebetaling (IATB) (Opprinnelig frå Utd. finansierings utvalet frå 1979)

I oktober 1984 kom Stortingsbehandlingen av St. mld. 12

Det positive var:

- stønaden skulle indeksregulerast mot industriarbeider inntekt som
- gjeldsavskriving ved svangerskap 18 veker.
- reisestipend 3 heimreiser for utgifter over kr. 600 (årleg)

- INNLEIING INTERESSEKAMP -

elles:

- til stor forundring for NSU-toppene var SP regjeringslojale, og stemte mot IATB. Berre SV/Ap var for.

- i budsjettet for 1983 var behovsprøving av butillegget mot ektefelles inntekt snikinnført.

No vedtok Stortinget at dette var et meget uheldig prinsipp. Særleg Kr.f. var svært betenkt/bekymra. Dette var jo en klar diskriminering av familien.

Men departementet visste råd. Og snart var "det meget uheldige prinsipp" utvida til å gjelda ÷ sambuare med barn.

- rehtesrente vert innført. Til stor undring for NSU-leiinga stemte Arbeiderpartiet for dette. Men Ap hadde vanntett alibi:

Ap stemte for fordi: " Vi synes det var liten grunn til å bruke tid på den gamle ordninga som forlengst er et lappverk av stadig nye og endrede vedtekter. Det er viktigare å arbeide med den nye ordninga, med prinsippet om IATB. For det støttar vi fullt ut. (Blankenborg, Ap til studentforum)

1984 var det året våre kjære folkevalgte

-prinsipielt gjekk inn for 18 års grense for behovsprøving mot foreldreinntekt og prinsipielt avviste behovsprøving av butillegget mot ektefelles inntekt.

- Men likevel sørga for at sjølv ein nedgang til 19 års grense vart avvist og likevel sørga for ei behovsprøving av såvel butillegget som forsørgertillegget mot ektefelles eller sambuars inntekt.

Dette førar med seg at 18 og 19 åringer er tvungen til deltidsarbeid ved sidan av studiene om dei skal bli økonomisk uavhengige og dermed sjølvstendige menneske. Sidan jentene ikkje avtjener verneplikt, rammar dette særleg dei.

Studentar som har ektefelle/ sambuar i full eller tilnærma full jobb mister retten til å ta sin del av buutgiftene, og forsørgerutgiftene for eventuelle barn. Dei mister dermed delar av sitt sjølvstende. Ordninga oppfordrar til skilsmisse. Igjen er det "det andre kjønn" som rammast hardest.

I 1984 viste våre kjære folkevalgte klart kor dei står i kampen mellom griskheten og menneskeheten.


Vår interesseorganisasjon NSU, makta aldri å reisa nokon KAMP mot forverringane. Dei var no heller ikkje så lett å greia, så lenge NSU-toppene la hovudvekta på korridorpolitikk og argumentasjonsteknikk. Likevel oppsummerer Venstrevinder og NSU-toppen Knut Branderud: i Under Dusken i 1985: "Fjoråret har vist at det går ann å påvirka

-14-

- INNLEIING INTERESSEKAMP -

myndighetene. 1984 var det året da vi klarte å få IATB på politikernes dagsorden".

Ikkje berre førte den ensidige fokuseringa frå NSU på IATB til at forverringar vart gjennomført UTEN at NSU prøvde å mobilisera grunnpalnet til kamp. Ikkje berre mislukkas NSU i sin korridor-politikk for IATB. Men IATB slik det er reist er ikkje noko krav frå grunnplanet. Ap vil bruka IATB til å omfordela inntektar mellom høgtlønna og lågtlønna akademikarar.



3) LÆRDOMMER AV DENNE KAMPEN.

Stortingsrepresentanter og politiske parti har sagt mykje bra om studiefinansieringa. F.eks. har KUK einstemmig gått inn for 18-årsgrense for behovsprøving av stønad mot foreldreinntekt. Men det som vert sagt av politikarane står i skarp kontrast til det som faktisk har skjedd. F.eks. er den same aldersgrensa for behovsprøving fremleis 20 år.

Men er det slik at politikarane seier ein ting, og gjer ein heilt annan ting? Er altså problemet at politikarar er upålitelige menneske, som må masast mest mogleg på for at dei skal oppfylle sine løfter?

Eg meiner nei. Politikarar er ikkje verre eller betre enn andre menneske, unna-teke i valtider. Hovudsaka er at politikarane har i oppgåve å forvalta Statskapitalen til beste for bedrifta "Norge". Alle borgarlege parti frå Høgre til SV, er dermed avhengig av vegleing frå økonomar. Det er dette som vert kalla "finanspolitiske styringshensyn", og blir framstilt som ei objektiv naturlov som tvingar seg på våre "arme og velmenande" politikarar.

I verklegheita er ikkje dette noko anna enn behova til den feite norske monopolkapitalen som skal ut verda og gjera seg endå feitare. Botskapet er: "Først ny vekst for Norge, sidan gull og grønne skoger for folket."

Og medan kapitalen veks, dør skogane, innsjøane og folket sjølv. Hovudsaka er altså at Staten er mot oss og ikkje med oss. Og det er objektivt, sjølv om Reidun Brusletten og Hanna Kvanmo er ålreite menneske!

- INNLEIING INTERESSEKAMP -

Dette har NKS skjøna. Men dette har ikkje leinga av NSU skjøna og dette har ikkje leinga av LO skjøna. Men endå viktigere: Dette har ikkje grasrota skjøna verken i NSU, LO eller i Norge sett under ett. For folk trur rett og slett på Staten som ein meir eller mindre velmenande fordelar av goder mellom folk!

NSU-toppene blir like overraska kvar gong ei grundig gjennomarbeidd motmelding møter stor sympati blant politikarane, men likevel endar i søppelbøtta. Og kvar gong byrjar dei på ny frisk. " Neste gong må det vel gå betre?" No er det St.meld. 66 "om høgare utdanning" som skal motmeldast....

Strategien til NSU er ein nederlagsstrategi. Hon byggjer på illusjonen om den nøytrale Staten som fordelar midler utifrå sakleg vurdering. Strategien er utifrå dette argumentasjonsteknikk, ispedd enkelte aksjonstiltak, deriblant renteaksjonen neste semester. Desse aksjonane vil eg hevda, har som hovudmål å visa både opinionen og studentane kor jævla studenter har det. Studentar må ha det jævlig, for elles ville jo ingen ha bruk for NSU og tenk kor trist det ville vera, for NSU-toppene!!

Aksjonane skal altså legitimera NSU ovenfor studentane. Har underskriftskampanjer og info-stands på lærestadene nokon gong gitt konkrete resultat?

Altså: Strategien til NSU er ein nederlagstrategi. Sosialdemokratiske linjer i IK arbeidet var nok mogleg i tidlegare tider da verdensekonomien var i jevn vekst. Men krisa på 70-tallet har tvinga fram beinhard rasjonalisering av statleg sektor.

4) VÅR OPPGÅVE I IK FRAMOVER.

Vår oppgåve generellt i IK må vera å kjempa for å vinna fram med våre politiske linjer både når det gjelder krava som skal stillast, og måten kampen skal førast på.

No er situasjonen den at NSU har mange bra krav å stilla til staten. Difor meiner eg at me no fremover ikkje må leggja for mykje vekt på å krevja renta på studielånet sett ned til 5% i , omsetjing til f.eks. 10%. Hovudproblemet er at krava våre ikkje vinn fram uansett, fordi NSU byggjer på feil analyse av Staten.

Studentar, i alle fall på NTH, har byrja å stilla seg spørsmålet: Treng me NSU? Me sprøytrar pengar inn i NSU men me får ingenting tilbake!

Dette er eit viktig spørsmål. Folk har forstått at NSU ikkje vinn fram med krava, men studentar flest har ikkje forstått kvifor dette skjer! Dette har ført til at f.eks. 2 linjer på NTH har meldt seg ut av NSU. Begrunnelse: NSU gjer in ingenting for oss. Me treng ikkje NSU.

TKSF kjører no fram ein kravmentalitet ovenfor NSU, som om NSU skulle vera ein serviceorganisasjon for studentar , og ikkje studentane si organiserte motstand

- INNLEIING INTERESSEKAMP -

mot Staten.

Eg meiner det er på høg tid at me som kommunistar oppsummerar resu- lata til in- teresseorganisa- jonene våre. Me må byrja kampen mot det sosialdemokratiske hegemoniet, som seier at Staten er nøytral, og åpen for saklege argument.

Til no har nedskjeringane på studentøkonomien fortona seg som eit naturfenomen slik regnet i Bergen er det. Det berre er der og sånn må det vera.

NSU kan ikkje fortsetja med sin nederlags-strategi stort lenger utan at stadig fleire studentar stiller spørsmålet Treng me NSU? Og svarar nei!

Kommunistar må delta i massekampen, oppsummera erfaringar og forklara folk kva lærdomar som må trekkjast av kampen.

Når det gjeld NSU, meiner eg at me har nok av erfaringar med mislukka aksjonar og motmeldingar.


Vår hovudoppgåve framover må vera å visa folk kvifor interessearbeidet til NSU ikkje fører fram.

Me må forklara folk at:

- Staten er ein klassestat mot oss.
- Og fram for alt vi må settja makt bak krava! (f.eks. i form av undervisningsboikott.)

Dette må me starta med på grunnplanet lokalt rundtomkring. Me må leggja hovud- vekt på å vera blant studentane på faga, finne ut kva dei lokale problema er, utvikle politiske diskusjoner blant folk. Og ikkje minst : få opp allmøte- aktiviteten.

Sånn som NSU arbeidar i dag , vil eg påstå at den objektivt tjener Staten sine interesser: Me forar Staten med verdifull info. om kvar neste nedskjerings- tiltak bør setjast inn.



DEBATT:

OM VERVING

To ting har ikkje komme fram i elles gode innlegg om verving.

1.) Problemet med at folk "ikkje har tid". Ein del kameratar har alt for lett godtatt slike svar. (Evt folk har valt feil løysing: Svar at det slett ikkje er så mykje å gjøra i NKS.)

Kva slags folk er det som svarer at dei ikkje har tid? Eg vil dele dei i to kategoriar: (i) Folk som studerer frå morgon til kveld. Her står eg makteslaus... (ii) Folk som er nedlessa i arbeid i ein eller annan frontorganisasjon. Døme: Petter, leiar i Fellesrådet for det sørlige Afrika i Horten, einig i politikken vår, men vil ikkje vera med fordi han ikkje har tid. Til det seier eg: Petter kan alltid finne X andre organisasjonar å hive kreftene inn i, frå Mot Rasisme til Natur og Ungdom. Det er berre tilfeldig at han står på nettopp i FR og ingen andre plassar. Men, og her kjem poenget, det er ei sjølvmotseiing å "ikkje ha tid til å vera kommunist". Petter forstår at det ikkje held å stå på sidelinja for å få eit kommunistisk samfunn, men altså.

